

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt	FE-033	20/323

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
011/2020	Arbeidsmiljøutval	PS	21.09.2020

Orienteringssaker

Forslag til vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

Saksopplysningar:

Arbeidsmiljøutval - 011/2020

AMU - behandling:

Sak 1

AMU ber om at det til neste møte vert orientert om skriftleg frå leiarane korleis dei ser føre seg at samarbeidet med tilsette vert best mogleg.

Leiar har sjølv ansvar for å sende skriftleg svar til leiar for AMU, Tom K Imsland.

Bakteppet for førespurnaden frå AMU er å sikre best mogleg kvalitet på samarbeidet mellom arbeidsgjevar, tillitsvald og verneombod i samband med koronakrisa.

Tips: Ta kontakt med verneombod og tillitsvald i di eining og drøft korleis dykk ynskjer at samarbeidet skal vere. Saka vert sett opp og gjennomgått på neste møte

Sak 2

AMU ynskjer at leiar for pleie og omsorg, Margrethe L. Kvamme, vil presentere status og evt. tiltak for eininga i neste AMU-møte. Tom K Imsland tek kontakt med Margrethe for å avtale presentasjonen.

Grunnlag er orientering om sjukefråver for heile Modalen kommune kor PLOMS har særleg høgt sjukefråver. AMU viser til «Mål for HMT-arbeidet» delmål 1 – aktivitetsmål – pkt. e):

I avdelingar som har sjukefråver høgare enn 6,5 % over ein periode på 6 mnd, skal leiar utarbeide skriftlege tiltak for å søkje å redusere sjukefråveret.

Sak 3

Kort status om avviksmeldingar i Modalen kommune per. 01.09.20. AMU bed om at det vert ei årleg

gjennomgang av avviksmeldingar, sortert på type og eining, for å kunne vurdere om ordninga fungerer etter hensikta.

Sak 4

Kort orientering om status på sjukefråver i andre kvartal. Kommunen forventar høgare fråver i 2020 grunna Korona pandemien, som fører til lågare terskel for å vere heim frå jobb enn normalt. Dette gjeld både eige sjukefråver og fråver grunna sjuke born.

AMU - vedtak:

Sakene vert tekne til orientering